



**GRILLA KVALKJØT:** Tommy Fonnes grilla kval og hjort. Kvalen er skoten av fedingar og hjorten har levd på Mongstad, kunne han fortelja. Viktor Bergstrøm og Simon Emili Bergstrøm Vaage fekk smaka.



**KOS:** Zarah, Amanda og Peder fann nokre søte kaninar som dei kunne kosa med.



**TREKTE FULLT HUS:** Alle billetter vart utselt på konserten med Hanne Sørvaag fredag kveld.

Foto: Silje Andvik Hoaas

# gen



**SONG:** Robert Myklebusthaug overraska alle då han song på Fønnesdagen i fjor. I år fekk han halda ein times konsert på fredagsarrangementet, «Dajen før dajen».

Foto: Silje Andvik Hoaas

har strikka er i Emigrantkyrkja på Sletta. Det er jo ikkje vanleg å strikka i kyrkja, men eg sette meg ned og gjorde det ein gong eg kom tidleg til ein konsert, seier Kari.

Medan Nora kan fortelja at ho ofte strikkar når ho er på reise, og blant anna har strikka når ho har tatt undergrunnsbana i London og på stranda i ferien.

Ho tar strikketoget med seg over alt, og fortel at ho har fått mange kjekke samtalar med folk på grunn av strikka.

– Spesielt om eg strikkar på reiser med toget i utlandet. Då er det som oftast nokon som blir nysgjerrige og tek kontakt, fortel ho.

## Lærte vekk spleising

Praten gjekk også lett i skuret der Alvin Gullaksen lærte vekk enkel spleising av tau. Han fekk jamvel lurt journalisten til å prøva.

– Det er praktisk å kunna, seier Alvin som sjølv jobbar med fiske.



**SJOMANNVISER:** Bergen shantikor sytte for stemning i teltet.



**EIGEN SPLEISESKULE:** Kom og lær spleising på Alvins spleiseskule, reklamerte arrangørane. Og Alvin Gullaksen lærte villig vekk.

Rune Egil Enoksen frå Værøy i Lofoten stakk innom Alvin sin spleiseskule for ein prat. For han

var tauspleisen som journalisten fekk læra berre barnematen. Enoksen kunne fortelja at han



**FRÅ RADØY:** Motorsamlinga frå Radøy var også på plass.

kan over 70 forskjellige knutar, som han har lært gjennom eit langt liv på sjøen.

– I familien min har me drive med fisk i generasjonar. Både far min og far hans var fiskarar, og eg har drive med fiske eg og, seier han.

Når Nordlendingar snakkar om fisk, så er det gjerne fisk i litt større storleik enn strilane.

– Eg var nordover å fiska for fjorten dagar sidan. Då fekk me kveite på 4, 14, 71 og 141 kilo, hundre kilo torsk og litt anna, fortel han nokternt.

Og på Fønnesdajen er det god tid til å slå av ein prat og fortelja ei fiskehistorie eller tre.